



Arkivsaknr: 2026/322-1
Sakshandsamar: Glenn Sørskår
Avdeling: Kulturskulen

SAKSFRAMLEGG

Revidering av vedtekter for Alver kulturskule

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Kommunestyret	12.02.2026
	Utval for næring, kultur og idrett	27.01.2026
	Ungdomsråd	26.01.2026

Vedlegg

1 Vedtekter for Alver kulturskule - 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner vedtekter for Alver kulturskule - 2026

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsråd

Saka skal til innstilling i utval for næring, kultur og idrett

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saka gjeld

Saka gjeld revidering av gjeldande vedtekter for Alver kulturskule, med bakgrunn i vedtatt økonomiplan 2026–2029, vedtatt i kommunestyret den 18.12.2026, PS-158/2025.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Kulturskulen skal redusera drifta med kr 500.000 i 2026 og kr 1.050.000 frå 2027. Dette vert gjort ved å (1) redusera stillingsressursar i undervisning, (2) justering av eigendel og (3) justering eller avvikling av moderasjonsordningar. Det er punkt 3 som utløyser behov for endring og av vedtektene.

Dagens vedtekter vart vedteke av Alver kommunestyre den 20. februar 2020, KO-008/20. Det er derfor behov for somme andre revideringar og klargjeringar, med omsyn til erfaringar frå drifta dei siste fem åra.

Formålet med saka er å leggja fram forslag til reviderte vedtekter som legg til rette for gjennomføring av tiltaka i økonomiplanen.

Vedtektene regulerer forhold, pliktar og retter som gjeld elevar, føresette og kulturskulen som verksemd. Saka kjem difor opp til politisk behandling for å sikre at regelverket er oppdatert, føreseieleg og i tråd med overordna styringsdokument.

Vurdering

Moderasjonsordningane som er reviderte er fjerning av fleirfagmoderasjonen på 25% og reduksjon av søskenmoderasjon frå 25% til 20% for søsken 2 og frå 50% til 40% for søsken 3.

Søknadsfrist/re-registreringfrist er endra frå 1. april til 20. april. Det er lagt til eigen utmeldingfrist for vårsemesteret, med frist 1. november, dette for å gje brukarane av kulturskulen større fleksibilitet og er i tråd med praksis. Slike ledige plassar blir fylt opp frå ventelister.

I punktet gjeldande "Redusert eigendel for hushald med låg inntekt" er det no presisert at ordninga gjeld eitt kulturskuletilbod per elev. Det er derfor auka til 40 plassar, då somme elevar til no har fått redusert eigenbetaling for fleire tilbod. Det er elles gjort språklege justeringar av vedtektene.

Partar

Saka påverkar innbyggjarar som nyttar seg av tenestene Alver kulturskule tilbyr.

Økonomiske konsekvensar

Revideringa oppfyllar innsparingskrav i Alver kulturskule.

Miljømessige konsekvensar

Ingen kjende miljømessige konsekvensar

Organisasjonsmessige konsekvensar

Ingen kjende organisasjonsmessige konsekvensar

Risiko

Alver kulturskule kan ikkje oppnå innsparingskrav utan justering av vedtektene.

Vurdering av særskilte grupper

Justeringane vil gjelde alle brukarar av kulturskulen. Låginntektshushaldningar vil ha tilgang på inntil 40 rabatterte elevplassar.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren råar til at Alver kommunestyre godkjenner reviderte vedtekter for Alver kulturskule slik dei ligg føre.